

Referat møte i FAU 08.05.19 Sinnes skule

Til stades: Thomas, John Ove, Roy, Linda og Jorid

Referent: Jorid Tafjord

Myraleidet, 13. mai 2019

AGENDA

1. "Bollesaken"

Tonstad skule kom i fokus i nyheitene. Vi snakka litt rundt kva som hadde hendt.

Vi kom fram til at vi som foreldre ved Sinnes skule ikkje skulle gjere noko, da dette ikkje var noko som var aktuelt på skulen hos oss.

Vi som foreldre vil ikkje "fyre opp" rundt debatten som hadde vore rundt dette.

2. Uteområde/leikeapparat

Det har vore møte i oppvekst og levekår, og det er sett av ein sum pengar til uteområdet, og det er nå press frå fleire kantar om at dette må vere klart til skulestart til hausten. Dette er ein prosess som har teke tid. Det starta med at det kom påbod om at Tarzanløypa skulle rivast, noko vi som foreldre gjorde på dugnad. Da på grunnlag av at pengane som var kalkulerte til dette skulle gå i uteområdet til ungane i staden for at dei skulle leige eit firma for å gjere dette. Kva om skal settast opp er enno ikkje heilt klart, men det har kome ynskje frå elevane. Dette er presentert i skriv frå elevrådet 03.05.19

Det er ynskje om noko som alle kan nytta seg av, uansett alderstrinn. Det har vore framme tidlegare ynskje om klatrestativ/klatrenett noko liknande nede på Tonstad, men dette er kanskje noko som fort vert "oppbrukt". Det er òg eit forslag om ei sykkelløype. I utgangspunktet er kanskje ikkje dette for massane, da det ikkje er så mange som kan nytta seg av denne samstundes, men vi ser poenget med ynsket. Tilgjengelig plass spelar òg inn på kva som kan settast opp, men det er i planane at amfiet skal rivast og det vert da plass til kanskje to ting.

Ombygging av skulen, og framtidig plass for parkering kan òg spela litt inn på arealet som kan nyttast. Det er enno litt uklart når denne ombygginga startar, kanskje startar denne til neste år. Korleis undervisninga blir lagt opp i denne perioden, er det enno ikkje kome endeleg avklaring på. Eitt av alternativa er at ein del av skulen vert flytta til grendehuset for undervisning her nede.

Det er viktig å halde trykket oppe for å få fortgang i denne utbygginga, og avklaring i korleis undervisningssituasjonen til elevane vert.

Vi diskuterte òg litt om ein i framtida burde prøve å søke pengar frå infrastrukturfondet da skuleområdet er ein stad alle nyttar seg av, fastbuande som ferierande.

3. Kvalitetsutviklingsplanen

Det kom eit spørsmål i kva for ein grad vi som foreldre ynskjer å vere involverte i denne. Vi i FAU tenkjer at dette er ein overordna plan for lærarane, og da må dei få styra korleis dei ynskjer dette skal vere. FAU kan vere ein høringsinstans når planen er klar, og at vi da kan kome med innspel.

4. Inkludering av alle born

Det skal leggest til retta for at ingen born kjenner seg gått forbi og utelatt. Det må snakkast om dette både heime og på skulen, men vi kan ikkje anna enn å oppmoda til dette. Om det er noko som vert planlagt impulsivt på ettermiddagen, er det vanskeleg at alle får vite om det. Dette grunna at det ikkje er alle som har telefon, eller den enkelte ikkje har nummeret til alle.

Dersom det er ein aktivitet som blir planlagt tidleg på dagtid, skuletid, må vi oppmoda om at alle skal kunna inkluderast. På skulen er det lett å spreie informasjonen og inkludere alle.

5. Felles sumaravslutning

Det er kome eit innspel på at ei felles sumaravslutning for 1-7 klasse kan vere kjekt. Roy sjekkar om dei store òg har lyst å vere med på dette.

Ein av grunnane er at det er travelt mot sumaren, og det er foreldre som har elevar i fleire klassar, noko som kan gjere det vanskeleg å få kabalen til å gå opp. Det er heller ikkje mange gongar i året elevane er saman, og dette kan vere noko som styrkar samhaldet litt meir?

Vi ynskjer òg å invitera dei som skal byrja i 1. klasse til hausten, slik at dei vert inkluderte litt meir før skulestart.

Det er sett opp to forslag til datoar, 06.06 eller 11.06. Linda tek kontakt med Anne angående dato, og planlegging.

6. Innspel trafikksikkerhetsplan

Av- og påstiging av buss på skulen fungerer. Det er ynskje om meir sykkelsti då det er fleire strekk som kjennes utrygge.

Brua ved Ålsheia kom som eit punkt. Det er ikkje noko som skil vegbanen frå gangstien. Her kan det fort verte farlege situasjonar om ein ikkje er oppmerksam. Samstundes kan det vere ein grunn til at det ikkje er noko som skil mellom desse, for eksempel brøyting på vinteren? Det har kome ein del innspel på dette, ein må bare fylgje med på kva som skjer vidare.

7. Felles foreldremøte "Delbart" med politiet – dato er no bekrefta til 20. mai

Det vert eit møte for elevane på dagtid, da på Tonstad.

Det vert eit møte for foreldra på kveldstid, òg på Tonstad.

Vi oppmodar til å møte opp på kveldsmøtet sjølv om ein ikkje har elevar i ungdomsskulen.

Dette er eit tema som fort kan koma fortare enn ein trur sånn som mobilbruken brer seg.

Info-mail er sendt ut av skulen.

8. Anna

- Komande SU-møte – noko som må takast opp? Ballbingen er denne ordna? Det er ei side som er laus, og denne må festas.
- Bordtennisbord til ungdomsskulen? Korleis går det med dette? Har vore snakk om det i lengre tid, men det har enno ikkje kome noko avklaring.